

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
045/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	26.10.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/1934	17/11988

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Kontrollutvalet i Radøy – møteutskrift 20. sept. 2017
- b. Stortingsvalet 2017 – protokoll valstyret
- c. Fellesnemnd for Alver kommune – møtebok 2.oktober 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Kommunestyret i Radøy - 045/2017

KS - handsaming:

Det vart stilt fleire spørsmål og innspel frå medlemane i kommunestyret:

Bjørg Taule Murberg (V) stilte spørsmål knytt til veglys på strekninga Marås-Manger. Ho viste til at dette var eit prioritert tiltak, men fylkeskommunen overførte midlane til eit anna prosjekt i ein annan kommune. Taule Murberg sa at det er eit stort ønske frå bygda å få dette tiltaket realisert.

Ordførar Jon Askeland svara at han tok saka opp i oppfølgingsmøte med Statens vegvesen/fylkeskommunen.

Jan Tore Hvidsten (V) ønskte ei utgreiing om kva som ligg i fiberavtalen med Telenor. Han viste til at ein del innbyggjarar slit med å få fiber innlagt utan samtidig å gjera avtale om TV.

Ordførar Jon Askeland uttrykte begeistring over at radværingane har fått digital motorveg. Han peika på at dialogen mellom Telenor og sluttbrukar ikkje er noko kommunen kan legga seg opp i.

Ordføraren sa at kommunen har tatt opp problemstillinga med Telenor/Canal Digital og bede dei rydda opp i feilinformasjon som er gitt, noko dei har lova å gjera.

Arild Tveranger (Uavh.) stilte spørsmål om det er mogleg for kommunen å forskottera asfaltering av den fylkeskommunale vegen over Haukåsen og senda rekninga til fylkeskommunen.

Ordføraren viste til at formannskapet har sendt høyringsuttale på Investeringsprogrammet for fylkesvegar i RTP, der dette tiltaket er med er tatt med. Ordføraren meiner det er nødvendig å sjå på rammene i budsjettet for 2018 før kommunen vurderer ei eventuell kommunal forskottering av dette tiltaket.

Fellesnemnda: Ordførar Jon Askeland orienterte om arbeidet i fellesnemnda for Alver kommune. Han orienterte mellom anna om ulike hovudprosjekt administrativt og politisk i mandatet og organiseringa av ny kommune. Ordføraren orienterte også om arbeidet med innpllassering av dei tre

rådmennene i Alver kommune, der tilsetjing av programansvarleg/rådmann inngår. Tilsetjinga vert gjort i fellesnemnda 6. november.

Finn Frantzen (KrF) viste til store investeringsprosjekt som er planlagt i Lindås og Meland, og stilte spørsmål om dei tre Alver-kommunane ikkje har ei viss tilpassing/styring av nye investeringar framover.

Ordføraren svara at det enkelte kommunestyret i dei tre kommunane inntil vidare er ansvarlege for sine disponeringar, og at det på dette tidspunktet ikkje er høve til å gripa inn i kvarandre sine planar. Han peika på at det er lagt opp til at kommunane skal samsnakkast i fellesnemnda i stadig større grad frå 2018.

Eigedomsskatt: Ordføraren orienterte om forslag til endringar i eigedomsskattelova og kva alvorlege konsekvensar dette vil gje for Radøy kommune - og i neste omgang for Alver kommune. For Radøy kan det handla om rundt 5 mill. kroner mindre i inntekter.

Budsjett 2018: Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om arbeidet med budsjett 2018, basert på nøkkeltal i forslaget til statsbudsjett. Han konstaterte at framlegg til statsbudsjett ikkje vil gje Radøy overføringer som vil dekka løns- og prisveksten.

Kontrollutvalet: Leiar i kontrollutvalet, Arild Tveranger orienterte om aktuelle saker i førra møte i utvalet.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering.

KS - vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

Vedlegg:

Kontrollutvalet Radøy _ 2017 09 20 Møteutskrift

Protokoll valstyret Stortingsval 2017(139885)

Møtebok fellesnemnda 2_okt_2017